

**Protokoll styremøte Valdresmusea AS****2020:1**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Fredag 31. januar kl. 14.00–16.00

Styret: Jan Arild Berg, Gunhild Vegstein Leite, Odd Arne Klemetsrud, Jørand Ødegård Lunde, Kristin Gulbrandsen og Aud Søyland. Fråfall: Frode Rolandsgard og Brita Brenna.

Administrasjon: Tove Stubbene og Ole Aastad Bråten.

**Sak 1/2020 Tiltaksplan 2020**

Vedlagt utkast til tiltaksplan for 2020. Arbeidet med dei nye basisutstillingane vil stå i sentrum for arbeidet i 2020. Arbeidsplana inneheld elles innsatsar på områda forskning, formidling, forvaltning og fornying.

*Vedtak: Styret vedtek tiltaksplan for 2020.*

**Sak 2/2020 Budsjett 2020**

Forslag til budsjett følgjer prioriteringane i tiltaksplana. Administrasjonen har forsøkt å følgje signalet frå styret om å styrke innsatsen med antikvarisk vedlikehald.

Administrasjonen legg fram forslag til budsjett innfor dei rammene som staten, fylket og kommunane gjev tilsegn om, og andre inntekter som synest kjente. Sjå vedlagt budsjettutkast.

*Vedtak: Styret vedtek budsjett for 2020.*

**Sak 3/2020 Drøftingar**

Framdrift for nye basisutstillingar:

*Vedtak: prosjektet held tidsplan. Dato for opning er sett til fredag 23. oktober 2020.*

Tilbod frå kommunane om ny rammeavtale – vegen vidare:

*Vedtak: styreleiar og direktør inviterer til forhandling med kommunane.*

Framdrift for rehabilitering av taket på Velkomstbygget:

*Vedtak: styret og administrasjon grip fatt i saka etter ferdigstilling av utstillingsprosjektet.*

**Sak 4/2020 Fastsetting av løn for direktør**

*Vedtak: Styret fastsetter direktørens lønn til 700 000 kr per år med virkning frå 1. januar 2020.*

